



GRUPPE

0107

PRØVE

HEL904 1 Cannabismisbruk: Forebygging og behandling

Emnekode	HEL904
Vurderingsform	Oppgave
Starttid	01.12.2018 09:00
Sluttid	11.12.2018 14:00
Sensurfrist	03.01.2019 00:59
PDF opprettet	29.10.2019 11:24
Opprettet av	Digital Eksamen



Generell informasjon

Emnekode: HEL 904

Emnenavn: Cannabismisbruk: forebygging og behandling

Innleveringsfrist: 11.desember 2018 -kl. 14.00

Viktig:

Merk at alle gruppelemmene må ha lagt seg til gruppa før en person laster opp og leverer inn besvarelsen på vegne av alle i gruppa.

<http://www.uia.no/student/eksamen/innlevering-av-oppgaver>

Vennligst svar på spørsmålene under før du klikker deg videre til neste side:

Kan besvarelsen brukes til undervisningsformål?

Ja

Nei

Vi bekrefter at vi ikke siterer eller på annen måte bruker andres arbeider uten at dette er oppgitt, og at alle referanser er oppgitt i litteraturlisten:

Ja

Nei

Vi bekrefter at alle i gruppa har bidratt til besvarelsen:

Ja

Nei

Besvart.

1 Innlevering


Last opp din besvarelse, vær nøye med å velge riktig fil.

Filen må være i PDF format!

Etter at filen er lastet opp, klikker du <Lever nå>



Din fil ble lastet opp og lagret i besvarelsen din.

 Last ned

 Fjern

 Erstatt

Filnavn: Marianne og Joan 10.12.pdf

Filtype: application/pdf

Filstørrelse: 92.17 KB

Opplastingstidspunkt: 10.12.2018 19:53

Status: Lagret

Besvart.



Eksamensoppgåve 11.12.2018

Tema: Cannabis forebygging og behandling

Antall ord: 3420

Innholdsliste

1.0 Innleiing	s.3
2.0 Problemstilling	s.4
2.1 Avgrensing	s.4
2.2 Begrepsavklaring	s.4
3.0 Teori	s.5
3.1 Kva er Hasj?	s.5
3.2 Korleis verkar hasj?	s.5
3.3 Faktorar som har innverknad på hasjrøyking?	s.6
3.4 Avkriminalisering.	s.8
4.0 Drøfting	s.9
4.1 Tilhørighet	s.9
4.2 Avkriminalisering og tilgjengelighet.	s.10
4.3 Hasjens virkning	s.11
4.4 Identitet og hasj	s.12
5.0 Avslutning	s.13
6.0 Litteraturliste	s.14

1. Innleiing

Me som skriva denne oppgåva kjem frå to ulike einingar i ein liten kommune som heiter Bømlo. Den eine av oss arbeidar i Barne- og familietenesta, som er ei lavterskel og førebyggjande teneste for born mellom 0-23 år. Vedkommande arbeidar spesielt retta med ungdom i alderen 12-23 år med skulevegning. Den andre av oss arbeidar i rustenesta som er lagt til NAV kontoret. Hovudfokuset til vedkommande er belastede rusavhengige.

Bakgrunnen for val av problemstilling er fleire bekymringsmeldingar frå både politi og ute kontakten i Stord kommune, som er vår nabokommune. Bømlo og Stord har interkommunalt barnevern og politi, så samarbeid på tvers av kommunane er vanleg. Politiet saman med ute kontakten har den siste tida observert eit aukande hasjmisbruk blant ungdommar, og fleire har skrevet under ruskontrakt.

Med bekymring rundt dette tema bestemte Bømlo Kommune seg for å gjennomføra ein HKH (hurtig kartlegging- og handlingsplan) undersøking, der resultata visar eit aukande misbruk. Ungdommen i undersøkinga gjev uttrykk for at dei røykar hasj blant anna for å dempe psykisk ubehag eller for å eksperimentera. Vidare fortel dei at det er billigare å røyke hasj enn å drikke alkohol, det er forventningspress i vennekretsen, eller dei røyker hasj for å bli akseptert i fellesskapet. Ungdommen meina og at holdningane til hasj er endra, det har blitt ufarliggjort.

Resultata i undersøkinga danna grunnlag for val av problemstilling. Sida resultata viser at det er ein auke i misbruk av hasj, ønskjer me å sjå nærare på kva som kan vera årsakene til hasjmisbruk.

2.0 Problemstilling:

«Kvifor byrjar ungdom å røyke hasj?»

2.1 Avgrensing.

Me har tatt utgangspunkt i HKH undersøkinga og difor valt å avgrensa oppgåva til å omhandle ungdom i alderen 16 – 23 år. Vidare var fokuset i undersøkinga hasj, ikkje marihuana.

2.2 Begrepsavklaring.

Evjen mfl. (2007) beskriver misbruk som innlært atferd eller som en marginalisert rolle. Misbruk er eit skadelig bruksmønster av rusmidlar der ein utan omtanke for vedvarande eller skadelige konsekvensar fortsett med å bruka rusmidlane (NOU 2003/4).

Hurtig kartlegging og handling (HKH) er ein metode for å kartlegge marginaliserte grupper, særleg i arenaer og miljø der hjelpeapparatet normalt har lite innsyn. Den aukar moglegheitene for å klargjera eit eller fleire problemområde ved innhenting av informasjon frå personar i målgruppa og andre instansar som har kjennskap til og/eller kontakt med personar i målgruppa.

3.0 Teori.

3.1 Kva er hasj?

Hasj kommer frå cannabisplanten, og er ein av mange produkt av cannabis. Hasj er hovudsakleg eit produkt av cannabisharpiks, forma som seige klumpar, men har og plantemateriale i seg. Hasj inneheld mange ulike kjemiske samansettingar, cannabinoidar, som påverkar kroppens celler. Delta-9-tetrahydrocannabinol (THC) og cannabidiol (CBD) er to cannabinoidar som er godt kjent og mykje forska på. THC er den cannabinoiden som gir ruseffekt, medan CBD dempar psykotiske symptom, angst og avhengighet.

I løpet av dei siste åra har innhaldet i hasj endra seg. Det har blitt auka innhald av THC og eit redusert innhald av CBD. I tillegg har det komme syntetisk hasj på markedet. Syntetisk hasj, er eit produkt som er framstilt på laboratoria. Syntetisk hasj er mykje meir potent, og risikoen for helseskadar aukar ved bruk at syntetisk hasj, til samanlikning med naturleg hasj (Bretteville-Jensen, 2013).

3.2 Korleis verkar hasj?

Dei ulike kjemiske stoffa i hasj produktet bind seg fast i ulike reseptorar på cellene vi menneske har i kroppen, og påverkar desse. Ved inntak av hasj utløyer det ein rus, som kan gi ei kjensle av velvære, men gir og andre effektar som sløvhet, nedsett hukommelse, nedsett koordinasjon, nedsett planleggingsevne, tankeforstyrningar, psykose og angst (Bretteville-Jensen 2013). Desse påverknadane gjer det mellom anna vanskeleg å innta ny læring og ein auka ulykkes- og hjerteinfarkttrisiko (Vindenes et. Al. 2016).

Ved hasjinntak vil rusen som regel inntre relativt raskt, og varer frå minuttar til døgn. Dersom ein inntar naturleg hasj vil det kunn aktivere reseptorane i kroppens celler til eit visst punkt. Men dersom ein inntar syntetisk hasj har den eigenskapar som gjer at den klarer å aktivere reseptorane i cellene til det maksimale. Dette gjer at ein får ein sterkare rus, og faren for overdose aukar (Bretteville-Jensen 2013).

Hasj har som ovenstående nemnt også nokon umiddelbare positive effektar som er viktige å kjenne til dersom ein skal forstå ungdom som misbruker hasj. Når ein dukkar ned i

psykologien omkring gjentakande åtferd, kallar ein slike umiddelbare positive effektar, ein positiv forsterkning som er operant betinga. Det finnes to former for positive konsekvensar ved operant betinga læringsmåte. Det eine er at den tar vekk noko uønska, og den andre konsekvensen er at åtferda tilfører noko positivt. Ved inntak av hasj får ein positiv effekt i form av eufori og betre humør, samt at det fjernar ubehagelege kjensler, ansenthet og smerte. Ein slik læringsmåte skjer meir eller mindre ubevist. Kroppen søker meir eller mindre ubevisst det som tidligare har gitt gode opplevingar. Jo sterkare eufori ein opplev med hasjinntak, jo sterkare dragning vil ein få mot å gjenta åtferda. Når ein person innatar hasj vil det påverke hjernen til nedjustera produksjon av dopamin. Det fører igjen til at ein må innta auka mengde av rus for å oppnå same eufori som ein fekk ved førre rusinntak. I tillegg reduseras aktiviteten i hjernens belønningssystem, slik at ein utan rus vil oppleve mindre glede og velvære. Og dersom man over tid har inntatt hasj, kan ein oppleve abstinensar. Dersom rusmiddelet har ein beroligande effekt, slik hasj har, vil uro og nervøsitete auke når ein ikkje inntar hasj lenger, pga. endringar som har oppstått i nervesystemet. Slike kroppslige endringar kan føre til at ein vedlikehald uønska åtferd, sjølv om ein kjenner til negative aspektar ved åtferdene. Grunne til det er at den positive effekten kjem umiddelbart, mens dei negative konsekvensane kjem som regel på sikt. Klassisk betinging er ein annan innebygd læringsmåte kroppen har. Den går ut på at ein assosiera hasjrøyking til ein rekke sanseintrykk som tidligare var nøytrale. Når ein då blir introdusert for slike sanseintrykk som vedkommande assosiera med hasjrøyking, vil det kunne føre til eit sug mot å røyke hasj igjen (Barth et. Al. 2013).

3.3 Faktorar som har innverknad på hasjrøyking?

I forhold til bruken av hasj, ser ein at fleirtalet prøver hasj bare nokre få gongar, for så å legge bruken bak seg (Pedersen 215).

Forskning peikar på at svake sosiale ferdigheiter, tidleg pubertetsutvikling samt å vera tilknytt antisosiale aktivitetar (sitte heima å game) aukar risikoen for å utvikle eit rusproblem. Det visar og at familiefaktorar som oppleving av aksept frå foreldre/søsken, høgt rusbruk i familien aukar sannsynet for tidleg debut og auka forbruk (forebygging.no, 2013).

Petersen (2015) meina at omgivnaden i større eller mindre grad gjennom oppveksten påverkar forholdet til rusmidlar. Han visar til at det som ofte eksisterer ein etablert relasjon mellom den som prøver hasj og den som introduserer stoffet. Venner og bekjente skapar ein trygg atmosfære rundt det å røyke hasj og venner/bekjente får etterkvart større innflytelse enn foreldra til ungdommane. Jointen med hasj kan markere tilhørighet, men hasj er også ofte knytt til sosial marginalitet og kriminalitet.

Studiar visar og at rusmiddelmisbruk er vesentleg hyppigare hos barn av rusmisbrukarar enn hos andre. Både genetisk disposisjon og vanskelege oppvekstmiljø har innflytting på at unge byrjar å ruse seg (Evjen mfl. 2007).

Pedersen (2015) skriv vidare at det er ein tvitydig heilhet til dei som debuterer. Dels er det ein mindre tendens til psykososiale belastningar som svake ressursar, dårlege tilpassingar, svak tilknytning til skule og arbeidsliv, dårleg integrasjon og dårleg mental helse. Mangel på tradisjonelt politisk engasjement eller eit klart politisk opposisjonelt engasjement er også tendensar. "Drop out" frå vidaregåande skule visar seg og å vera ein medverkande faktor (ibid).

Fleirtalet som lar det bli med få gongars bruk har ikkje andre kjenneteikn enn det opposisjonelle engasjement. Desse ungdommane kjem ofte frå familiar med økonomisk og kulturell kapital. Også i denne gruppe viser det ein auke i bruk, i ifølge Ung i Oslo 2018.

Sjølvmedisinerer og søk etter eigen identitet kan og vera ein årsak til eit gryande rusmisbruk. Ein flukt frå kvardagens problem, aukande forventningar frå samfunnet og manglande mestringskjensle. Vidare kan personlegheitstrekk, sensitivitet for angst og håplausheit vera medverkande årsakar til at ungdommar byrjar å ruse seg. I ungdomstida søkjar ein etter å finna eigen identitet og eigen plass i samfunnet. Sosiale og psykiske endringar i denne perioden kan for nokon vera så store utfordringar at det kan vera ein årsak til eit byrjande rusmisbruk. Her kan det og vere tale om ein sosial tilhørighet der mange byggjer seg ein identitet i kontekst med cannabismisbruk, kor dei igjen omringar seg med likesinna (Pedersen 2015).

Sensasjon seeking eller spenningssøking på norsk kan og vera ein årsak til at unge prøver ulike typar rusmidlar. Spenningssøking er ifølge Zuckerman (2006) ei trong til nye komplekse stimuleringar som spontane reiser, eksperimentell musikk, finne andre med avvikande livsstil, og ein sterk vilje til å ta mange risikoar for å oppnå desse

3.4 Avkriminalisering.

I Norge diskutera ein no kva reaksjonar som skal annvendast på bruk og besitting av narkotika.

Avkriminalisering av hasj er tema som fremmast i media, men ifølge Bretteville-Jensen (2013) er det begreip som bør presiserast for å unngå misforståingar og forvirring. Avkriminalisering forvekslast ofte med legalisering. Avkriminalisering inneber at straffetrusselen fjernast, noko som inneber at bruk og besitting av mindre kvantum ikkje lengre vil føra til straffeforfølgning men ein kan bli ilagt ei bot. Eit av problema med dette kan være vanskeleg å klassifisere kontrollpolitikken. Det kan være forskjellar mellom korleis eit lovverk ser ut på papiret og korleis det blir praktisert (ibid).

Legalisering betyr at omsetting av hasj vil bli legalt men underlagt restriksjonar som til dømes alkohollovgivinga.

4. Drøfting.

I dette avsnittet vil me drøfta problemstillinga vår opp imot den kunnskapen me har innhenta i teoriavsnittet vårt. Me vil gjer oppmerksom på at me vil reflektera rundt kunnskapen me har innhenta, slik at eigne tankar vil komma til syne i dette avsnittet.

Problemstillinga vår var som følgjer: «*Kvifor byrjar ungdom å røyke hasj?*», som bunna ut frå HKH kartlegginga i kommunen vår som syna ein aukande bruk av hasj.

4.1 Tilhørighet

I HKH undersøkinga kom det fram at tilsette i kommunen og 2. line tenesta som arbeider med ungdom ser at høgt skulefråvær eller drop out, ofte er ein risiko for å byrje å ruse seg. Dei som arbeidar tett på ungdom ser at det å ikkje være med på sosiale aktivitetar kan være ein risikofaktor. Denne erfaringa er interessant, då ungdommen sjølv seier at det nesten ikkje er noko fritidstilbod til ungdom over 16 år på Bømlo. Ungdommen på Bømlo rapporterer og om det er meir toleranse og aksept for rusbruk når ein byrjar på vidaregåande.

Forsking viser at faktorar som aukar risikoen til å byrja å røyke hasj, er svake sosiale ferdigheter, aksept for hasjrøyking frå familien og antisosiale aktivitetar som gaming (forebygging.no, 2013).

Det at ein i større grad driv med gaming no enn for eksempelvis 50 år sidan seier seg sjølv, då dataspel nærmast ikkje var eksisterande for 50 år sidan. Vil dette sei at ein skal gå ut å fråråda ungdom mot å spela dataspel? Tal frå ungdata undersøkinga frå 2018 viser at 40% av ungdommar i Norge i dag brukar minst 1 time på dataspel kvar dag (ungdata.no). Men det er jo ikkje 40% av alle ungdommar som misbruk hasj, så det kan uansett ikkje være ein risikofaktor åleine. Det var ingen i HKH undersøkinga som oppga gaming som ein risikofaktor. Det kan likevel tenkast at dei ungdommane er bekymra for på Bømlo som har høgt skulefråvær og er lite sosialt aktive driv med gaming som ein kompensasjon på manglande kjensle av tilhørighet på skule og fritid.

Svake sosiale ferdigheter kan være ein risikofaktor til å misbruke hasj. Det er godt kjent at sosial tilhørighet er ein positiv konsekvens ein oppnår ved å røyke hasj saman med andre (forebygging.no, 2013). Ein kan då tenkje seg at dersom ein ungdom strevar sosialt og har lite

sosialt nettverk, opplev ungdommen den sosiale tilhøringa ein får saman med dei ein røykar hasj med som svært positivt, og kanskje noko som har vært eit savn. Dersom ein og tek i betraktning den positive effekten rusen har, som eufori og betre humør, samt demping av ubehagelege kjensler og ansenthet, kan det tenkast at ein person med svake sosiale ferdigheter, kanskje meir enn andre, opplev rusen som stor hjelp til å lettare omgås andre menneske, og opplev det sosiale meir positivt i rus enn i edruelege. Det er ikkje vanskeleg å tenkja seg at ein person med svake sosiale ferdigheter er annspent og nervøs i sosiale settingar, og når dei ubehagelege kjenslene forsvinn, kan ein forstå at ein tenkjer på hasjrus som ei hjelp eller som ein måte å dempe ubehag på. I HKH rapporten gjort i kommunen vår er det jo nettopp det å dempe ubehag som blir oppgitt som ein stor og viktig årsak til misbruk av hasj.

Aksept frå familie vart oppgitt som risikofaktor for misbruk av hasj (forebygging.no, 2013). Det er lett å forstå at dersom du får aksept frå familien for å misbruke hasj, så er det ein kortare veg til å faktisk gjer det, enn dersom du ikkje opplev aksept. Men det me ikkje så lett forstår er kvifor det er aksept for misbruk av hasj i ein familie? Kjenner ein då gjerne ikkje til skadeverknadane og konsekvensar av hasjmisbruk? Eller tenkjer ein at dei positive effektane av hasjmisbruk veg tyngre enn dei negative? Som i døme tidligare der ein kan tenke seg at ein ungdom med svake sosiale ferdigheter blomstrar i hasjrus og dannar seg nettverk og venner som ein positiv konsekvens av misbruket. Tenker ein då som foreldre til denne ungdommen, at hasj løyser eit problem for ungdommen, og då er det greitt.

4.2 Avkriminalisering og tilgjengelegheit.

Ut frå våre funn i HKH undersøkinga samt debatten i media kan det virke som ei relativt stor gruppe unge meiner at hasj ikkje er farlig, og i alle fall ikkje farligere enn alkohol. Ungdom på Bømlo gir også uttrykk for at hasj er lettere tilgjengelig enn alkohol.

Kan det være at avkriminaliseringsdebatten som foregår i media være medverkande til at misbruken av hasj aukar? Det er blitt ei allmenn oppfatning blant ungdommen at det er normalt å røyke hasj og dei meina at det snart skal bli lovleg. Dersom ungdommen trur at det er lovlig å røyke hasj, kan ein kanskje forstå at de anser det som et rusmiddel på lik linje med alkohol, samtidig som ein må stille spørsmål ved om de har skjønt forskjellen på

avkriminalisering og legalisering. Ut fra vår erfaring, og svarene fra undersøkinga, veit ungdommen ikkje forskjellen, ei heller konsekvensene ved ulovleg å røyke hasj.

Kan oppfatningen av cannabis blant unge mennesker være ein faktor? Det syntes å være ei relativt stor gruppe av unge misbrukarar som meina at cannabis ikkje er farleg, og at det i alle fall ikkje er farligare enn alkohol (Fekjær 2009).

Det har kanskje noko å gjera med at stoffet er utbredt, og misbruket syntes å være akseptert i store delar av befolkninga (Sandberg og Pedersen 2010). Vidare er det kanskje ikkje lengre spesielt sårbare ungdommar eller personar som søker tilhøyring som misbruk cannabis (ibid).

Ungdommen i HKH undersøkinga gjev uttrykk for at dei røykar hasj blant anna for å dempe psykisk ubehag eller for å eksperimentera. Vidare fortel dei at det er billigare å røyke hasj enn å drikke alkohol, det er forventningspress i vennekretsen, eller dei røyker hasj for å bli akseptert i fellesskapet. Ungdommen meina og at haldningane til hasj er endra, det har blitt ufarliggjort.

En annen faktor er tilgjengeligheten. På den ene siden er alkohol lovleg for de over 18 og tilgjengelig for de, på den andre siden gir ungdommen uttrykk for at hasj er både enklere å få tak i, samt gir de en billigere rus. Det gir på ein måte meining for ungdommen, en billig rus, men manglende kunnskap om faren ved hasjrøyking meina me er en medvirkning til at de ikkje velger annleis.

4.3 Hasjens virkning

I følge HKH rapporten kjem det fram at nokre ungdommer brukar hasj, som ein slags sjølvmedisinering, for å dempe psykisk ubehag. Andre oppsøker hasj fordi dei synest det er spennande å kjenne på rusen det gir.

Det ein veit om virkninga av hasj er at det gir ein umiddelbar rus og eufori, som kan gi ei god kjensle av velvære, og eit fråvær av vonde kjensler. Dette hugsar hjernen og vil gjerne ha meir av, altså ein operant betinga læringsprosess. Ein kan jo forstå at det som er godt vil ein ha meir av. Og når i tillegg kroppens eigen produksjon av dopamin blir nedjustert som følge av hasjrøyking, kan ein forstå at draginga mot noko som gir velvære er sterk. Dette sett saman med at THC nivået i hasj har auka og CBD nivået har blitt redusert, kan være ein årsak til at ein opprettheld eit hasjmisbruk. Det er langt dei færreste som fortsett å røyke etter å ha prøvd

nokon gongar, dei fleste gir seg etter det (Pedersen 2015). Så kan det tenkast at dei som lever eit liv med mange risikofaktorar ikkje klarar å slutte etter å ha prøvd nokre gongar, men at dei som ikkje har nokre risikofaktorar klarar, eller lar være å prøve i utgangspunktet?

Sett opp i mot funn i HKH rapporten kan dette tyde på at dei som bruker hasj som sjølvmedisinering, opplev ein umiddelbar verknad av det, og kanskje og har lettare for å fortsette med rusbruken enn andre grupper.

4.4 Identitet og hasj

Ungdommene me intervjuar i HKH undersøkelsen svarer at det å røyke hasj blir sett ned på. Ein kan jo då tenka seg til at hasjrøyking fører til utvikling av en uønsket identitet og faren for å bli værende i feil miljø og vidare utvikle et alvorleg misbruk er stor.

Veien til voksenlivet og det å finne sin egen identitet kan for mange ungdommer være vanskelig. Som skrevet tidligare er det ofte i denne perioden at ungdommen blir introdusert for hasj. Hasjen kan på den ene siden hjelpe dei å finne det de trur er deres identitet og en tilhørighet til et fellesskap, men på den andre siden kan det medføre en mindre interesse i å tilpasse seg samfunnet. Det kan ha stor betydning for dannelsen av egen identitet kven ein velge å omgås med (Pedersen 2015).

5. Avslutning

I denne oppgåva har me forsøkt å utrede ulike årsakar til at ungdommar begynnar å røyke hasj. I løpet av oppgåva har me funnet ut at det er mange faktorar som har innvirkning i forhold til ungdommars bruk av hasj. Disse funn stemmer godt overens med vår erfaring fra egen praksis. Det er vanskeleg å finna ein hovudårsak til at ungdommar misbrukar hasj, noko som vidare belys at det ikkje er muleg å fokusera kun på ein faktor om ein skal få til å løysa utfordringane med dei gryande rusutfordringar.

Tittelen til Pedersens bok «Bittersøt» visar mykje til det faktum at bruk av rusmidlar både har positive og negative sider, og at dei langt på vei går hand i hand. Dei tradisjonelle psykososiale risikofaktorar ståande aleine, vil mista sin plass som forklaringsmodell kytt til utviklinga av rusmisbruk. For å finna årsakene må me leita i meir komplekse forhold knytt til det høymoderne samfunns uoversiktlege aspekt og den komplekse ungdomsrolla. Dette stemmer gode overeins med både vår egen erfaring, men og med svara frå HKH undersøkinga. Ungdommen kjenner på den bittersøte erfaring frå å røyke hasj. Dei røyker fordi dei føler seg dårlige, føler seg betre der og da når dei inntar hasj, men vil etter et lengre misbruk kjenne på den sure kløe.

Hasj er ein aukande vare på et internasjonalt marknadd og bidrar også til identitets- og stilutvikling. Hasj synest stadig å appellera til ulike grupper hos ungdommen og det blir difor nærliggande å trekkje den konklusjonen at bruk av rusmidlar ikkje lengre er knytt til marginalitet på same måte som tidligare. Er me i ferd med å få et samfunn som vil utvikle meir liberale haldningar til rusmidlar? Ja, må me dessverre svare på dette spørsmålet. Ut frå oppgåva visar det seg at unge både tenkar og trur at hasj er ufarleg. Svara frå HKH undersøkinga visar tydeleg at unge misforstår avkriminaliseringsdebatten og tolkar denne som at hasj er både lovleg og ufarleg.

Oppgåva me har skrevet bekreftar det me allereie har erfart i vår egenpraksis. Det finnes mange ulike årsakar til at ungdommar røykar hasj og bruken aukar i omfang. Spørsmålet er om me som fagpersonar vil klare å få til en endring i både bruk og tankegang tidleg nok.

6. Litteraturliste.

Barth, T, Børtveit, T & Prescott, P. (2013). *Motiverende intervju. Samtaler om endring*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Evjen, R, Kielland, K, B & Øiern, T. (2007). *Dobbelt opp, om psykiske lidelser og rusmisbruk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Fekjær, Hans O (2009). *Rus: bruk, motiver, skader, behandling, forebygging, historikk*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Forebygging (2013) *Tidleg debut av rusbruk, rusproblemer og mental helse hos ungdom*. <http://www.forebygging.no/Artikler/2014-2012/Tidlig-debut-av-rusbruk-rusproblemer-og-mental-helse-hos-ungdom/>

Jensen- Bretteville, Anne Line (2013). *Hva vet vi om cannabis?* Oslo: Universitetsforlaget.

NOU (2003/4): *Forskning på rusfeltet. En oppsummering av kunnskap om effekt av tiltak*. Oslo: Statens forvaltningstjeneste, Informasjonstjenesten.

Pedersen, Willy (2015). *Bittersøtt. Nye perspektiver på rus og rusmidler* (3.utg). Oslo: Universitetsforlaget.

Sandberg, S & Pedersen, W (2010). *Cannabiskultur*. Oslo: Universitetsforlaget

Ungdata (2016) *Elektroniske spill*. <http://www.ungdata.no/Mediebruk/Elektroniske-spill?fylke=Hordaland>

Vindenes, V, Bramness, J, G, Bretteville-Jensen, A, L, Mørland, J & Bachs, L. (2016). *Gir sterkere cannabis flere helseproblemer?* *Tidsskrift for den norske legeforening Vol 136*.

Zuckerman, Marvin (2006) *Sensation Seeking and Risky Behavior*. American Psychological Association